

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Dalsfjord

Emne: B r y n e t

Bygdelag:

Oppskr. av: Sverre Lyngnes

Gard: Steinsvik

(adresse): Steinsvik på S.møre

G.nr. 131 Br.nr. 1 til 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Mest etter eiga røynsle, nokre oppl. frå eldre menn.

SVAR

1/ Det vanlege ordet er eit bryne og å bryne. Det vert og sagt å s l i p e når ein meiner å bryne ljåen. Vi har vidare same ordet i e i t s l i p, "å slå eit slip" d.v.s. så lenge ein kan bruka ljåen mellom kvar gong ein bryner han. Men til vanleg ligg tydinga å ta fram ~~xxx~~ ljåen på rund slipestein i det å slipe. - Hein, uttala h e n j n j, er namn på sers fine bryner, bruka til framtyning av ekstra kvasse bitjarn, knivar o.a. Mest ikkje bruka på Ljå.

2/ No er bryne av kunststein mest i bruk, dei kjem visseleg til å tevla ut natursteinbryna, i og med at dei er vel så gode, og så meir handtlege og lettføre, - og så er dei fri for "eitlar" som er ein leid feil i ymse naturbryne. Det er ikkje meir enn omlag 20 år sia første kunststeinbryna vart vanlege i bruk. Natursteinbryne fekk ein kjøpa. Elles finst her ein slag stein som var bruka til grovare bryne. Noko slag handelsvare var det ikkje.

3/ Alle bitjarn vert først slipte på rund slipestein. Så tek ein roa av med bryne. Med ljå var det sumne som tok roa av med slipesteinen, og kunne såleis slå eit slip før dei nytta brynet.

4. At dei tynna ut egga på ljå eller sigd med hammar veit ingen om.no. Kva tid skikken med å slipe kom hit kan heller ikkje fastslåast.

5/ Noko slag liggjande "slipestein" veit vi ikkje om. Det kan tenkjast at slik har funnest - har nemleg ein gong for lenge sia sett ein gamal mann som "tok fram att" òksa etter steinhogg på ein olivinstein i marka. Han sa at slik bruka dei det i gammaltida. - No har fagsnekkarane hein - liggjande - til å slipa høveltenner på. Slipesteinen stod alltid heime, helst ved eldhusveggen. Der var ei trøde på eine sida, og sveiv på andre. Kunne ein ha nokon å draga slipesteinen var det bra, men oftast laut sliparen trøda. Det var eit langdrygt og tungt arbeid etter ein hard tørn på slåtteteigen. Slipinga skulle ein helst gjera medan kvinnfolka laga til maten, antan til middag eller til kvelds.

6/ Som vanlege ljå no er å få i handelen må ein alltid ha dei på stein "å kvetja dei fram" (ordet å kvetja vert og bruka om sliping på stein). Har ikkje høyrte at det skulle vera nokon føremonn å greia seg utan slipestein, tvert i mot. Det kunne einast vera somme gjerugknarkar som var redde for at ein øydde formykje av ljåen med slipinga.

7/ No brukar ein gjerne kunststeinbryne med to finleikar (i same bryne) og brukar det finsate til slutt. Elles kjenner ein ikkje til bryne av anna enn stein, unnateke at det stundom til slutt vert bruka å stryka egga over ei ler-reim - eit vanleg belte gjer god nytte.

8/ Det vanlege er at ljåen sit på orvet når ein sliper ("kvet" han). Egga vender alltid mot ein.

9/ Stutturv. Mannfolka stakk enden av orvet ned med

beltet, stude nakken av orvet i aksla med odden av ljåen framover. Kvinnfolka heldt ljåen på same måten, men laut halda enden av orvet mellom føtene (knea).

Langorvet snudde ein sameleis, men stødde enden i bakken, noko framom seg, så sjølv ljåen peika litt oppover.

Gamlekarane hadde kvar si visse rytme i bryninga. Ein kunne kjenna kva på takten - kor mange gonger dei drog brynet på kvar side før dei skifte om!

10/ No er det omlag slutt med å bruka bryne- s t o k k.

Dei lette kunststeinbryna ber ein i lomma. Dei gamle brynestokkane var laga av tre, stundom av ler.

11/ Horn til slikt bruk veit ein ikkje om.

12/ Brynestokken hekk på beltet, på høgre sida.

13/ Det vanlege er at ein sputtar på brynet og vøter det på den måten. Er det dogg i graset, stryk ein det gjennom dogga. Ein vøter kunststeinbryna og.

14/ Mjølet som kjem fram under bryninga kallast bryne- g o r.

15/ Som med ~~å~~ sin kjenner ein ikkje til at det har vore ~~er~~ bruka.

16/ Einast skal det vera godt mot maurbit, blanda med sputt.

17/ Slik overlevering er ukjend. Heller ikkje at brynet "talar" (18/) Ein må også svara benektande på spørsmål

19/ og 20/.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

366

388